



NAUSTFOREININGA NYTT I NAUST
v / Sverre Sangolt Sangolt
5382 SKOGSVÅG

Dato: 26.02.2016
Vår ref.: 2015/11975-56
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Att. Håvard Kalve

Lokale miljø- og klimatiltak - Naust og sjøhus, ein nasjonal og lokal ressurs - lokal verdiskaping i strandsona

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til prosjektet «Naust og sjøhus, ein nasjonal og lokal ressurs» datert 15.2.2016. De søkte om kr. 50 000,-.

Vi må diverre gje avslag på søknaden. Vurdert i høve til øyremerkning av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar er vi kome til at vi ikkje kan støtte prosjektet.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Karen Louise Nybø, som de kan kontakte på tlf. 55 23 93 18 eller e-post: Karen.Louise.Nybo@hfk.no.

Klage / Innsyn i dokumenta:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi ønskjer dykk lukke til vidare!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.